

HØYRING: Forslag til struktur i nytt fakultet

Fakultet for ingeniør- og naturfag (FIN)

1.0 Bakgrunn


Det som frå nyttår vert Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) har sidan mai 2016 hatt mange samlingar mellom dei involverte avdelingane i dei gamle høgskulane, og mellom samanliknbare fagmiljø. I tillegg har fusjonen vært tema på leiarmøter, instituttmøter, rådsmøter, ID-møter og møter med studentråda. Dei aktuelle dekanane har og hatt hyppige Skype-møter. Det har vært lagt stor vekt på at dei tilsette skal bli kjent med kvarandre både fagleg og personleg. Men det atterstår ein del arbeid for å få fagmiljø til å bli kjent på tvers av fagområde og campus.

Det vart tidleg klart at fusjon mellom dei fire ingeniørdisiplinane med tilnærma like studieprogram var uproblematisk, sjå tabellen under.

Sted	Elektro	Maskin	Bygg	Data
Førde	x	x ¹	x	x ³
Bergen	x	x	x	x
Haugesund	x	x ²		

1: Inkludert Florø og Kristiansund, 2: Inkludert Stord, 3: Frå 2018

Ein såg vidare på dei fagmiljøa som har mykje fagleg til felles, men som også er komplementære slik at dei utfyllar kvarandre, til dømes innan viktige områder i samfunnet, sjå illustrasjon under. Her er faglege koplingar og potensielle moglegheiter for samarbeid, vist med linjer (inkludert Dykkerutdanninga som er fagskuleutdanning og derfor må stå åleine). Dette er ikkje minst viktig for å styrke kvaliteten i vår verksemd.



Utfordringa med så mange mogelegheiter med både profesjons- og disiplinlag, er at det krev tid til å identifisere dei mest gunstige koplingane. Samtidig er fagleg organisering eit av dei viktigaste reiskapane i strategisk utvikling av fakultetet. Det vil vere viktig for FIN si ambisjon om å styrke kvalitet i forskning, utvikling, utdanning og innovasjon. Det vil i sin tur påverke den evna fakultet har til å bidra i å fylle universitetsambisjonen og ha høg kvalitet i forskingsarbeidet. Samtidig vil det kunne ha mykje å sei for å kunne utvikle miljø med framragande undervising, som i sin tur er viktig for å vinne fram i konkurransen om (gode) studentar.

På bakgrunn av tilbakemeldingane gjennom ein lang og grundig prosess blir to hovudmodellar presentert i dette høyringsutkastet. Høyringa varar i perioden 30. juni til 24. august. Etter høyringa vil det bli utarbeidd eit framlegg til fagleg struktur i fakultetet. Framlegget vil vere grunnlag for høyringsmøte som den nye dekanen vil gjennomføre i månadsskifte august/september. Saka vil deretter bli lagt fram for høgskulestyret i slutten av september.

Til lesinga av modellane: I alle modellane står det tal på tilsette og studentar fordelt på dei enkelte institutta. Dette er ikkje nøyaktige tal og er berre meint å vise ein samanliknbar storleik mellom dei ulike fagmiljøa/institutta.

Etablering av andre senter, administrativ struktur og rådsstruktur vil bli fastsett seinare.

Høyringa vil bli gjennomført med hjelp av Questback. Kvar høyringsinstans mottar ei lenke til eit spørreskjema som leiar for den aktuelle høyringsinstansen rår over.

2.0 PRESENTASJON AV MODELLANE

NIFU-rapport 2015/31 "Evaluering av faglig understruktur ved Høgskolen i Bergen" konkluderer med at der er ingen tydelig "best practice" for fagleg organisering. Det handlar mykje om mellom anna tradisjon, kultur og historie. FIN er samanliknbar med Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag ved Høgskolen i Sør-Øst Norge (HSN), både når det gjeld fagleg profil og størrelse. Med ca. 250 årsverk og 2700 studentar er dei organisert i 6 institutt over 4 campi¹, mens FIN har ca. 250 årsverk og 3700 studentar over 4 campi. Begge er og eit resultat av fusjon mellom 3 høgskular.

På HVL er det forskjellar mellom fag og ikkje minst i tal på tilsette og studentar på dei tilknytte utdanningane. På utdanningane for lærer og helse er det få program, men nokre med svært store studentvolum. Innan ingeniør og naturvitskap er det mange program, men med relativt mindre studentvolum på kvart.

Med bakgrunn i dette har vi sett det som hensiktsmessig å utarbeida modellar med 7 institutt og 5 institutt (fleire variantar).

2.1 Modell med 7 institutt

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Institutt for bygg 28 tilsette + 1 stipendiat 5 studiar med 590 studentar	Institutt for maskin og marin 41 tilsette 11 studiar med 906 studentar	Institutt for data- og realfag 46 tilsette + 15 stipendiatar 3 studiar med 331 studentar	Institutt for elektro 33 tilsette + 3 stipendiatar 10 studiar med 574 studentar	Institutt for miljøvitskap 26 tilsette + 6 stipendiatar 4 studiar med 264 studentar	Institutt for bio og kjemi 27 tilsette + 1 stipendiat 2 studiar med 235 studentar	Institutt for sikkerhet 20 tilsette + 5 stipendiatar 7 studiar med 199 studentar
--	--	---	--	--	--	---

Modellen med 7 institutt er ein hybrid modell med både profesjons- og disiplinlag. Gjennom heile prosessen med å finne ein instituttstruktur har det vore ein unison støtte frå fagmiljø til å starta opp med denne modellen i ein interimfase. Dette vil gje fakultetet ein forholdsvis flat struktur med kort veg frå fag til leiing. Det er elles ein stor fagleg bredde innan dei ulike ingeniørdisiplinane og naturvitskapane, og FIN skal gi støtte til ein stor bredde av samfunnslivet, som til dømes offentleg sektor, næring og helsefortaka. Ein ser difor at det er ein fordel at ein instituttleiar leiar eit institutt med faglig bredde som ikkje er større enn at instituttleiar kjenner denne godt. Med ein for stor fagleg bredde i same institutt er det utfordrande med god representasjon for ein instituttleiar i ekstern samhandling, og internt i leiargruppa på fakultetet.

Med denne modellen vil institutta ha en storleik som gjev eit mindre behov for en omfattande understruktur. Ein kan òg tenkje seg at ein kan behalda lønnsbudsjetten på fakultetsnivå, slik at tverrfagleg samarbeid mellom institutta vert lettare og meir fleksibelt.

Som tidlegare nemnt, ønskjer fakultet å starta opp med denne instituttstrukturen. Dette er og støtta av dei noverande dekanane. Gjennom grundige diskusjonar har det komme fram eit sterk ønskje om å bruke den kommande strategiprosessen som startar i haust til å mellom anna å sjå om dette er beste instituttstrukturen. Då vil det vere betre tid til å vurdere dei ulike faglege koplingane, og då spesielt mogelegheitene ved å dele eksisterande miljø og etablere heilt nye konstellasjonar. Ein slik prosess i to steg vil vere gunstig for å hente ut potensialet i det nye fakultetet. Strategiprosessen vil innebære ei rekkje samlingar av fagmiljø som gjer desse tryggare på kvarandre og dermed gjer det lettare å finne dei optimale koplingane. I tillegg til dei faglege vurderingane, vert kostnadene med denne prosessen på sikt neppe høgare enn ei meir usikker samanslåing av institutt/miljø frå dag ein. Ikkje minst fordi det med denne løysinga høgst truleg vil gå raskare å få instituttleiarar på plass – med utgangspunkt i dei som allereie sit i stillingane.


Etter ein slik strategiprosess ser ein for seg at ein i løpet av den første åremålsperioden vil kunne redusere tal på institutt, til dømes til 5 som inneber rundt 50 (faglege og tekniske) årsverk i snitt på kvart institutt.

¹ www.usn.no/om-hsn/organisering/fakultetene/fakultet-for-teknologi-naturvitenskap-og-maritime-fag/


2.2 Modellar med 5 institutt

Det er fleire alternativ for modellar med 5 institutt. Under er det presentert 6 ulike modellar. Desse er dei som har peka seg ut som de mest aktuelle, men det finnas sjølvsagt fleire mogleg kombinasjonar med 5 institutt enn dei som er presentert her.

Alternativ 1



Alternativ 2



Alternativ 3

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Institutt for
bygg
28 tilsette + 1
stipendiat
5 studiar med
590 studentar

Institutt for
maskin og
sikkerhet
61 tilsette + 5
stipendiatar
18 studiar med
1105 studentar

Institutt for
data- og
elektro
79 tilsette + 18
stipendiatar
13 studiar med
905 studentar

Institutt for
miljøvitskap
26 tilsette + 6
stipendiatar
4 studiar med
264 studentar

Institutt for bio
og kjemi
27 tilsette + 1
stipendiat
2 studiar med
235 studentar

Alternativ 4

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Institutt for
bygg og
miljøvitskap
54 tilsette + 7
stipendiatar
9 studiar med
854 studentar

Institutt for
maskin og
sikkerhet
61 tilsette + 5
stipendiatar
18 studiar med
1105 studentar

Institutt for
data- og
realvag
46 tilsette + 15
stipendiatar
3 studiar med
331 studentar

Institutt for
elektro
33 tilsette + 3
stipendiatar
10 studiar med
574 studentar

Institutt for bio
og kjemi
27 tilsette + 1
stipendiat
2 studiar med
235 studentar

Alternativ 5

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Institutt for
bio/kjemi og
sikkerhet

47 tilsette + 6
stipendiatar

9 studiar med
434 studentar

Institutt for
maskin og
elektro

74 tilsette + 3
stipendiatar

21 studiar med
1480 studentar

Institutt for
data- og
realfag

46 tilsette + 15
stipendiatar

3 studiar med
331 studentar

Institutt for
bygg

28 tilsette + 1
stipendiat

5 studiar med
590 studentar

Institutt for
miljøvitskap

26 tilsette + 6
stipendiat

4 studiar med
264 studentar

Alternativ 6

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Institutt for
bio/kjemi og
sikkerhet

47 tilsette + 6
stipendiatar

9 studiar med
434 studentar

Institutt for
maskin og
marin

41 tilsette

11 studiar med
906 studentar

Institutt for
data- og
elektro

79 tilsette + 18
stipendiatar

13 studiar med
905 studentar

Institutt for
bygg

28 tilsette + 1
stipendiat

5 studiar med
590 studentar

Institutt for
miljøvitskap

26 tilsette + 6
stipendiatar

4 studiar med
264 studentar

I modellane over er det identifisert 5 moglege samanslåingar:

- a) Sikkerheit + maskin og marin
- b) Sikkerheit + bio og kjemi
- c) Elektro + maskin og marin
- d) Bygg + miljøvitskap
- e) Data og realfag + elektro

Desse moglege samanslåingane har kome fram etter dialog mellom fagmiljø. Men det har vore en vanskeleg prosess sidan fagmiljøa har hatt for liten tid til å bli tilstrekkeleg kjent med kvarandre, både sosialt og fagleg. Som nemnt i diskusjonen over ser alle fagmiljø det som en fordel om ein får betre tid til å vurdere dei optimale samanslåingane.

Samanslåing av komplimentære fagmiljø kan gjere det lettare å hente ut faglege gevinstar spesielt på masternivå innan utdanning, men også innan forskning, utvikling og innovasjon². Dette er spesielt interessant innan områder som er spesielt viktige for Vestlandet. Det kan gi fagmiljøa større kontaktnett, når det gjeld å styrkje både utdanning og forskning. Ein ser òg at det å få fleire campusovergripande institutt/fagmiljø kan styrke HVL-identiteten.

3.0 HØYRINGSSPØRSMÅL

Overordna problemstillingar

Vi ber høyringspartane om å strukturere høyringssvara etter følgjande spørsmålsstilling. Om høyringspartane har innspel som fell utanfor spørsmåla - gi desse under punkt 4.

1. Høyringspartane blir bedne om å koma med innspel (fordelar og ulemper) på modellane som er presentert.
2. Høyringspartane blir bedne om å ta stilling til kva modell som er den beste for fakultetet (svar med 7 institutt, alternativ 1, 2, 3.... for fem institutt).
 - a. Kva endringar må eventuelt gjerast i valt modell for å gjere den betre?
3. Dersom din føretrekte modell ikkje vert valt, kva modell vil du då føretrekke? Gje eventuelle innspel til forbetring av denne modellen eller om det er alternative modellar som kan vere betre.
4. Generelle innspel/ eventuelle merknader.

Det er viktig å hugse at innspela vil danne grunnlag for styresaka i september, og at svara derfor bør vere korte og konkrete – og gjerne med god grunngjeving som kan nyttast i saksfremlegget.

Questback skal brukast i høyringa.

² Translational science. Dette er en kjent utfordring i sektoren at evne til å bli kjent med og sette seg inn i andres fagfelt ofte er vanskelig. Kilde: Bjørn Helge Gundersen, Deloitte.

4.0 HØYRINGSINSTANSAR

AlØ, Bergen:

1. Avdelingsleiinga (Ove Jan Kvammen og Carsten Helgesen)
2. Institutt for Bio- og kjemiingeniørfag (Geir Martin Førland)
3. Institutt for Byggfag (Arve Leiknes)
4. Institutt for Data- og realfag (Kristin Fanebust Hetland)
5. Institutt for Elektrofag (Per Eilif Thorvaldsen)
6. Institutt for Maskin og marinfag (Nils Ottar Antonsen)
7. Avdelingsadministrasjonen (Henning Norheim)
8. Mohn-senteret for innovasjon og regional utvikling (Stig-Erik Jacobsen)
9. Studentråd AlØ (Benjamin Johan Madsen)

AIN, Sogndal/Førde

10. Avdelingsleiinga og avdelingsadministrasjonen (Stein Joar Hegland)
11. Institutt for ingeniør- og teknologifag (Eli Nummedal)
12. Institutt for naturfag (Tarald Seldal)
13. Studentråd Førde (Are Bødal)
14. Studentråd Sogndal (Tirill Evensen)

ATØM, Haugesund

15. Ingeniørutdanning (Jorunn Stueland Nysted og Jens Christian Lindaas)
16. Forskingsprogram AITES (Silvia Encheva)
17. Forskingsprogram Brannsikkerhet (Vidar Frette)
18. Administrative støttefunksjonar (Eva Leirbæk)
19. Arbeidsutval Studentting nærregion Stord/Hgsd (Tom Lund Andersen)

Fagforeningene på HVL (virksomhetsnivå):

20. Akademikerne (Pål-Albert Olsen)
21. Parat (May Britt Sandstå)
22. NTL (Tone Skjerdal)
23. Forskerforbundet (Kristin Ran Choi Hinna)
24. Utdanningsforbundet (Torunn Herfindal)

Andre:

25. Prorektor (Rasmus Stokke, Bjørg Kristin Selvik, Liv Reidun Grimstvedt og Gro Anita F. Flaten)